

Til føresette

Vi veit at den pågåande prosessen rundt Ulstein skule kan vekke uro og spørsmål, både hos elevar og foreldre. Å sikre ein trygg og god

overgang for elevane er ei av dei viktigaste oppgåvene våre framover,

og vi er allereie godt i gang med planlegginga.

Så snart vedtaket var gjort, sette vi i gang eit eige prosjekt

for å koordinere arbeidet med overgangen. Det er fleire prosessar som vil gå samtidig, mellom anna arbeid med trafikksikring og å sikre god

overgang for elevar og tilsette. Vi legg stor vekt på at tilsette ved

skulane skal vere med og forme innhaldet i planen. På den måten sikrar vi god forankring slik at elevane sine behov vert teke i vare .

Vi vil informere dykk om tidsplan, tiltak og korleis både elevar

og føresette skal bli involverte i prosessen i løpet av kort tid.

Vi har stor tillit til at dei tilsette ved skulane vil møte

elevane med omsorg, klokskap og tryggleik – og vi vil støtte dei i dette viktige arbeidet.

Med vennleg helsing

Karen

Strand

Kommunalsjef oppvekst og kultur